



Det vert arbeidd med ei felles digital gudsteneste på julafta for heile kommunen.

Det er tradisjon for at vi i Kvinnherad har full kyrkje i alle våre 12 kyrkjer på julafta. Det er høgtid, fest og mange forventningsfulle born og vaksne. 2020 er eit annleis år, og julefeiringa blir heller ikkje den same. Dette gjeld og for kyrkja.

Dette året vert det ikkje gudstenester i alle kyrkjer på julafta, og der det er julegudstenester vil det truleg ikkje vera plass til alle som ynskjer det. Smittervernrettleiaren gjev ikkje rom for så mange deltakarar når vi må ha 2 meter avstand for å syngja i lag, og songen er ein viktig del av gudstenesta. Ikkje minst gjeld dette på julafta.

For alle som då ikkje får høve til å møte i kyrkja si, vert det nå arbeidd med ei digital samling/gudsteneste for alle kvinnheringar anten ein er i Kvinnherad eller andre stader. Her vil ein møte ordføraren vår og fleire av prestane våre. I tillegg til barnekor og andre songarar vil ein sjå bilete frå alle våre 12 kyrkjer. Samlinga vert gjort tilgjengeleg når ein normalt sett møter til gudsteneste på julafta, og vi håper mange kvinnheringar då kan kjenna på fellesskapet til trass for at ein må sitja i kvar sin heim.

Resten av jula satser vi på vanlege planlagde gudstenester og gjerne nokre ekstra i tillegg slik at fleire får høve til å delta på ei fysisk gudsteneste i julehøgtida.

På nokon gudstenester vert det påmelding. Dette vert kunngjort.



[Kvartetten ÆRE syng to julesalmar på den digitale gudstenesta.](#)

Uskedalen: Ikkje gudsteneste på juleafta. Gudsteneste 2. juledag kl. 11.00 med sokneprest Carsten Mrusek (liturg) og kantor Eva Megyesi (organist).

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal